



Utval: Formannskap
Møtestad: Hamaren Næringshagen
Dato: 08.05.2018
Tid: 14:00

Forfall meldast til sentralbordet på tlf. 35 06 71 00.
Varamedlemmer møter bare etter nærare varsel.

Befaring til Haasum, oppmøte ved næringshagen kl 14:00

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald
-------------------	---------

PS 26/18 Referatsaker

PS 27/18 Søknad om økonomisk stønad til NM i Fyresdal

PS 28/18 Team Eldur, søknad om økonomisk stønad

Befaring på Haasum

Fyresdal 3. mai 2018

Erik Skjervagen
ordfører

Fellestenesta
utvalssekretær

PS 26/18 Referatsaker

RS 10/18 Orientering frå administrasjonen

RS 11/18 Økonomigjennomgang

RS 12/18 Digital kommuneinformasjon



Saksframlegg

Søknad om økonomisk stønad til NM og 40-års jubileum i Fyresdal.

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskap	27/18	08.05.2018

Endeleg vedtaksrett i saka har Fyresdal formannskap

Dokument i saka:

Søknad frå Fyresdal motorsportklubb
Budsjett Dragrace 2018

Bakgrunn for saka:

Fyresdal Motorsportklubb (FMSK) skal den 13-15 juli 2018 arrangere NM i dragrace og NM i street legal i Fyresdal. I år det i tillegg eit 40 års jubileum for "First go" som blei arrangert i Fyresdal i 1978. Det var det fyrste året denne sporten blei introdusert i Noreg, og det skjedde som kjent i Fyresdal.

Fordi det er eit 40 års jubileum for "First go", som den gong blei arrangert av AMCAR, er dei i år ein tett samarbeidspartner, AMCAR skal fronte dette som "The big happening" i 2018, og FMSK og Fyresdal får mykje marknadsføring for arrangementet via deira kanalar.

Fyrste arrangementet var i 2011 saman med KNA Gatebil Grenland, seinare har dei stått fullt ansvarlege sjølve.

Arrangementa har hatt ein høg arrangementsteknisk standard. Frå 2012 har arrangementet hatt status som NM-runde hos Norges Bilsportforbund (NBF) og Norsk Motor Klubb (NMK).

Arrangementet har auka i storleik, og på grunn av jubileum og to NM klasser, vil det bli enno større i år. Det er kalkulert med 3-4000 besøkjande denne helga.

Fyresdal Motorsport søker om kr 60.000,- i økonomisk stønad til gjennomføring av NM og 40-års jubileum for "First go".

Vurdering:

Spørsmålet/saka er vurdert ut frå følgjande måla i budsjettet for 2018 i sektor for næring:

Utvikle Fyresdal som ein attraktiv arrangementsplass, med hovudvekt på bruk av flyplassområdet.

Motorsportklubben har ein enorm dugnadsjobb før og under arrangementa, som generer mykje positiv omtale, PR, handel og besøk for Fyresdal kommune.

Auke i storleik på arrangementet, strengare krav til tryggleik og meir betalt hjelp fører til auke i kostnadar for klubben, som i år har eit budsjett på kr 760.000,- på heile arrangementet.

Dei har rekna verdien av dugnad til kr 375.000 (2500 timar a kr 150), i tillegg gir arrangementet ringverknader for fleir lag og organisasjonar i Fyresdal, som jobbar dugnad og/eller har inntekter av matsal, camping osb.

FMSK har tidlegar fått kr 30.000,- i marknadsføringstilskot når dei har gjennomført NM dragrace og street legal. Når dei no i tillegg skal ha eit 40-års jubileum for "First go", søker dei om ytterlegare stønad.

Dette arrangementet har tidlegare år hatt sendetid i både riksdekkande og lokale TV sendingar. I år ynskjer programmet "Garasjen" å lage ein reportasje som vil bli sendt på deira TV program og nett-TV (Viasat og Viaplay). Dette vil sjølvsagt gje svært god marknadsføring for Fyresdal og Fyresdal flyplass som arrangementsstad.

Konklusjon:

Fyresdal kommune ser det som svært positivt at Fyresdal Motorsportklubb tar på seg å arrangere 40 års-jubileum for "First go", og NM-runde i dragrace og Street legal på Fyresdal flyplass, og på den måten set fokus på Fyresdal som ein arrangementsplass også for motorsport. Fyresdal kommune gjev eit marknadsføringstilskot på kr. 50 000,- til Fyresdal Motorsportklubb med løyving frå formannskapet sin disponible pott, konto 1112.490.

Innstilling frå rådmannen:

Fyresdal kommune ser det som svært positivt at Fyresdal Motorsportklubb tar på seg å arrangere 40 års-jubileum for "First go", og NM-runde i dragrace og Street legal på Fyresdal flyplass, og på den måten set fokus på Fyresdal som ein arrangementsplass også for motorsport. Fyresdal kommune gjev eit marknadsføringstilskot på kr. 50 000,- til Fyresdal Motorsportklubb med løyving frå formannskapet sin disponible pott, konto 1112.490.

Ketil O. Kiland	
rådmann	Hilde Martini Momrak
	kulturkonsulent



Saksframlegg

Team Eldur, søknad om økonomisk stønad

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskap	28/18	08.05.2018
Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg	25/18	03.05.2018

Endeleg vedtaksrett i saka har Fyresdal formannskap og Hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg.

Dokument i saka:

Søknad frå Team Eldur

Budsjett Teamet 2018 og 2019

Fagleg innhald hesteline knyt til breddeidrett ved Vest-Telemark vgs.

Bakgrunn for saka:

Team Eldur er ei nystarta gruppe underlagt Hugljufur Islandshestklubb og er for ryttrarar frå 16 år og oppover. Det er i dag 9 ryttrarar knytt til teamet.

Foreldregruppa har starta dette teamet med base i Fyresdal, fordi nokre av ryttarane i Hugljufur ønskte å reise til Haugesund for å få på Toppidrettsgymnas med islandshest. Dette ville blitt kostbart, og det ville blitt eit tap for Hugljufur at så mange motiverte og aktive medlemmer flytta frå bygda.

Ryttrarane skal fylgje eit undervisningsopplegg som er over 3 år. Opplegget er utarbeidd av 2 instruktørar frå Danmark, og desse vil kome til Fyresdal for å undervise 6 helger i løpet av sesongen (sesongen fylgjer skuleåret).

Vest-Telemark vidaregåande skule er involvert i prosjektet, og vil legge til rette for trening for dei ryttarane som ynskjer å gå Breiddeidrett.

Det er meininga å starte eit nytt «kull» med ryttrarar kvart år dersom det er nok interesserte. Teamet har fokus på å utvikle eit sterkt «team» der samhald og fellesskap er viktig. Det skal leggas til rette for deltaking i konkurransar, og ryttarane skal då støtte og hjelpe kvarandre uansett nivå.

Teamet har eige styre og eigen økonomi.

Målsetjingane for teamet er altså å skape eit aktivt og godt treningsmiljø der ryttrarar over 16 år skal kunne utvikle seg og ha mogelegheit til å delta i konkurransar. Målsetjingar og visjon for rideundervisninga står beskrive i Undervisningsplanen.

Det fins så vidt ein eit ingen andre slike Team i islandshestmiljøet, men det er vanleg i andre idrettar. Dei har planar om å vere aktive og synlege i media, på stevner og ved andre arrangement. Dei skal ha eigen teamklede, ha eigen FB side, og materiell å vise fram når dei er ute på stevner.

Team Eldur skal finansierast ved deltakaravgift, sponsormidlar og anna stønad. For å få ein god start og for å unngå høg deltakaravgift søkjer dei økonomisk stønad frå Fyresdal kommune med kr 50.000,-.

Vurdering:

Spørsmålet/saka er vurdert ut frå følgjande mål i økonomiplanen for 2018 - 2021/måla i budsjettet for 2018 i sektor for:

Fyresdal kommune: Fyresdal kommune skal vere blant dei beste i landet på folkehelse

Fagmål Kultur: Barn og unge skal prioriterast i kultursatsinga

Vidareutvikle fritidstilbodet til barn og unge

Oppretthalde godt samarbeid med lag og organisasjonar

Dette er ein spanande og ny satsing frå Hugljufur Islandshestforening. Foreininga har dei 6-7 seiste åra hatt ein svært positiv utvikling på medlemsmasse og aktivitetstilbod. Som nemnt over kjenner vi ingen andre islandshestmiljø som har slike Team, men det er ganske vanleg i andre idrettar, t.d. Team Veidekke (skiskyting), Team Telemark (ski) osv. Hugljufur har vist handlekraft og sett løysingar for å halde på ungdom som vil kunne bidra positivt inn i laget og elles i kommunen, når dei kan tilby eige opplegg for sine rytterar, slik at dei ikkje flyttar.

Fyresdal kommune vil kunne få mykje positiv omtale og reklame, mogleg og tilflytting av eventuelle søkjarar til teamet når det blir kjent. Dei skal mykje ut på stemne og vil marknadsføre Fyresdal som ein kommune med eit allsidig og rikt idrettsmiljø. Fyresdal kommune har eit ynskje om å bli best i Noreg på folkehelse, og eit slit prosjekt vil styrke islandshestmiljøet i Fyresdal, og vere særst godt for vidare rekruttering. Det er mange i alle alderar som er knytt til islandshestmiljøet i Fyresdal. Slike miljø er viktige for å halde på ungdomen og bygge opp om ei interesse og miljø som gir eit godt grunnlag for at dei etter endt utdanning lettare kjem attende til bygda.

Økonomi:

Team Eldur har eit nøkternt bruttobudsjett på kr 307.000, med ein deltakaravgift på kr 23 000 i deltakaravgift pr. person. Dei har då budsjettert med eksterne inntekter på kr 100.000,-, eit eventuelt tilskot frå Fyresdal kommune ligg inne her.

Konklusjon:

Fyresdal kommune er positive til Hugljufur Islandshestforening sin etablering av Team Eldur. Det er vanskeleg å argumentere for ein rein nærings-satsing, med mogleg etablering av arbeidsplassar, men dette er eit tilbod som vil gje kommunen god omtale, god marknadsføringseffekt og byggje opp under folkehelsesatsinga vår. I tillegg vil det styrke Islandshestforeninga generelt og vere bra for rekrutteringa. Kombinasjonen av generell god marknadsføringseffekt for Fyresdal som ein medspelar til idretten, og Fyresdal som sportsdestinasjon er god.

Fyresdal kommune stør søknad frå Hugljufur Islandshestforening og Team Eldur med oppstartstilskot stort kr 50.000,-.

Løyving frå Formannskapet sin disponible pott konto 1112.490 kr 25.000,-

Løyving frå OKO-utvalet sin disponible pott konto 1113.490 kr 25.000,-

Innstilling frå rådmannen:

Fyresdal kommune stør søknad frå Hugljufur Islandshestforening og Team Eldur med oppstartstilskot stort kr 50.000,-.

Løyving frå Formannskapet sin disponible pott konto 1112.490 kr 25.000,-

Løyving frå OKO-utvalet sin disponible pott konto 1113.490 kr 25.000,-

Ketil O. Kiland	
-----------------	--

rådmann	Hilde Martini Momrak
	kulturkonsulent